



Harald Dag Jølle  
skriv om turar,  
utstyr og  
turbøker for  
Dag og Tid.

# FRILUFTSLIV

## Lindholmen

Der vest møter sør, er det godt å padle.

### TUREN

Lista. Me ser inn over det flate landskapet. Dette rike jordbrukslandet som tidleg lausreiv seg frå Danmark. Kilometer etter kilometer med sandstrender ligg som ein kvit krans mellom dyrkamark og storhavet – som i dag har vist seg frå ei vennleg side. Lufta er mild. Me har nett vore i land og ete fiskesuppe på Tarebua – ikkje dårleg namn på ein skjenkestad i fjøresteinane.

Me padlar i grenseland. Det er her vest møter sør. Det røffe er bak oss. Rullesteinar. Klipper som stuper i sjøen. Det som minner om fjellandskap. Det smålåte ventar. Rundare former. Svaberg og skjergard. Badegjes-

ter og småbåtar.

Dei første holmane dukkar opp der strendene forsvinn. Me padlar forbi Loshamn, ei gamal uthamn som vitnar om rikdom i ei tid som er forbi – då seglskuten rula kysten. I dag er det ny rikdom som skin i dei nymala kvite feriehusveggene.

Baugen er retta mot Lindenes, men det blir for langt dit i kveld. Me landar på Lindholmen. Ei øy, ytst i havgapet. Nei, ein holme ytst i havgapet. Her er stoa bygd for robåtar og huset for småfolk. Her er spor etter slit. Med 2012-briller er det underleg at folk kan ha budd her. Men det er ikkje så lenge sidan me måtte



På kajakkstur i grenseland. Lengst vest på Lista finst røft og bratt land. I aust kjem me snart dit Sørlandets mjuke kyststripe byrjar. Foto: Jon Vold

søkje ressursane der dei var – også på ein naken holme i havet. Med dei same brillene er dette ein idyll. Bølgjeslag mot granitt. Kulturlandskap, nyfrisert av villsau. Restaurert hus og fjøs i opphavgapet stil, med utsikt til Danmark!

Me slår telt. Sauen ser noko skeptisk på vår okkupasjon. Primusen begynner å surre, og lyden

av ein boksøl som blir opna, set stemning. «Ser du», seier eg til kompisen min, «det er fullt mogleg å finne plassar på Sørlandet der du er aleine». Han er nordfrå og var skeptisk til denne turen, no midt på sommaren. Han var sikker på at me ville bli påkøyrd av store båtar med endå større motorar. Men her vest for skjer-

gardsjeeperbeltet har me knapt sett andre fartøy enn våre egne.

Sola står lågt. Ho blir snart svelgd av sjøen. Me løftar ølboksane, skålar til sauen og takkar for gjestfridomen.

### HARALD DAG JØLLE

Harald Dag Jølle er historikar ved Norsk Polarinstittutt og forfattar.

## Kabru

### REKORDEN

Visste du at nordmenn ein gong hadde høgderekord i verda? Carl Wilhelm Rubenson og Ingvald Monrad Aas nådde i 1907 ca. 7270 moh. på det 7320 meter høge Kabru i India. Ein rekord som stod i to år. Prestasjonen vekte oppsikt, og erfaringa deira med slik høgde – dei hadde vore tolv-tretten døgn over 6000 meter – vart viktig for seinare ekspedisjonar.

Sjølvsikker uttalte Rubenson seg til pressa då han kom ned i låglandet: «Jeg tviler ikke et Øieblikk paa, at det lader sig gjøre at bestige et Fjeld, der endog er en god Del høiere end Kabru.» Monrad Aas var ikkje like høgroysta. Han måtte ifølgje avisa halde seg innandørs ei veke eller to – «da han har forfrosset sine Fødder slemt.»

Alf B. Bryn gjorde seinare sitt for å alminneleggjere prestasjonen til kompisane sine, med å vise kor dårleg førebudde dei hadde vore. Det fjellet dei opphavleg skulle på, låg i Nepal og der fekk dei ikkje innreiseløyve. Og først då dei kom sørover, oppdaga dei at årstida ikkje eigna seg for klatring i Himalaya. Men karane gav ikkje opp: «De tok seg en 6 måneders kjemperangel på Ceylon, og styrket av det utsvevende liv der drog de så opp i fjellene og besteg en annen topp.»



### SITATET

«Det er det med fjeldsporten, at den er saa personlig. Enhver kan faa netop det ut av den, som passer for ham.»

Carl Wilhelm  
Rubenson 1914



## Ernst Sars 1835–1917

### BIOGRAFIEN

Som historikar var han den største. Med nær naturvitskapeleg ambisjon kunne han vise sine landsmenn korleis og kvifor den norske fjellbonden hadde stått rakryggja og kome styrkt ut av danskenatta. Ei forteljing som har vorte attfortald i tallause 17. mai-talar. Som friluftsmann har han ikkje hatt same påverknad og kjem her tvillaust i skuggen av svogeren Fridtjof Nansen.

Men Ernst Sars var ein stor Jotunheim-entusiast. Saman med Aasmund Olavsson Vinje vandra han fleire somrar på Noregs tak. Dei bygde Vinjestova i lag i 1868, den første turisthytta i Jotunheimen, og gleda over turfølgjet skal ha vore gjensidig: «Sars er make-laus», skreiv Vinje, «kva hugnad kunde eg vel hava aa koma i Jotunheimen, naar ikkje han var med?»

Denne spalta er ikkje plassen for ein analyse av kor avgjerande desse turane og venskapen med Vinje har vore for Sars' historiesyn – eller for hans oppfatning av «dei to kulturar» i Noreg. Det har andre diskutert før meg. Det er derimot liten tvil om at han var høgstemd då han kom

til fjells. Etter at han i 1860, ved ein slump, hadde fått glimt av fjellheimen, var han fanga: «Jeg havde faaet vigselen. Jeg blev besat av Jotunheimen.» Turane fekk òg preg av pionerånd. Han og Vinje drog «stadig med Udsigt til at finde nye Tinder og Bræer, som ingen endnu havde seet og beundret». Sars var ikkje i tvil om at friluftslivet var bra for han: «Et slikt rangelliv tilfjelds virker i høi Grad til at berolige ens Nerver og dysse Tanken i Søvn. Man flyder ligesom ud og bliver til ét med Naturen omkring en.»

Historieprofessoren hadde òg sine tankar om framtida til turistforeninga. I 1875 sa han at hennar viktigaste oppgave vart å byggje hytter, bruer og vegar snart måtte reknast som fullført.

